



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Høyring av forslag om vern ved Dyrkornstranda naturreservat i Fjord kommune



Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Møre og Romsdal sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Dyrkornstranda i Fjord kommune. Du er velkommen til å sende innspel i høyringa innan 20. oktober 2026.

Verneframlegget er gjort i dialog med grunneigarane og ALLSKOG SA. Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen etter naturmangfaldlova, og for å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Innhald

Innhald	3
Bakgrunn	4
Tilbodet	4
Heimelsgrunnlag	4
Verneverdiar	5
Vernet vil dekke manglar i skogvernet	8
Vurdering av vern i forhold til tømmertilgang	9
Plan- og ingrepsstatus	9
Saksbehandling	10
Oppstart	10
Merknader	10
Endringar i verneforslaget etter oppstart	11
Lokalt forvaltingsansvar?	11
Vidare framdrift	12

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypene i skog blir verna for kommande generasjonar*». I stortingsmeldinga er skogvern framheva som eit viktig tiltak med stor positiv effekt på trua artar i skog. Gjennom ordninga frivillig skogvern skal skog bli verna på offentlig eigd grunn og ved frivillig vern av privateigd skog. Vernet inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog og får erstatta tapt næringsinntekt.

Tilbodet

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fekk tilbod om frivillig skogvern på gnr/bnr 117/1 i Fjord kommune den 30. mars 2022. Etter rekartlegging av området samt oppdatering av eigedomsforhold fekk vi eit revidert tilbod den 21. oktober 2025. Området føreslått vern omfattar eit areal på om lag 422 dekar. Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er dokumentert ved registreringar av naturverdiane gjennom kartleggingar ved DN- handbok 13 i 2003 og NiN-kartlagt i 2024.

Allskog og skogsakkyndig frå staten takserer tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigaren. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert. Allskog har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfaldlova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfaldlova, som lyder slik:

«Som naturreservat kan vernes områder som:

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenoppettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenoppettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan

inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel."

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane
a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),
b (artar og genetisk mangfald),
c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.
- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betrast.

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.


Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtatt av Stortinget om 10 % vern av skog.

Verneverdiar

Dei første kartleggingane av naturverdiane blei gjort med metodikken i DN-handbok 13 i 2003. To store lokalitetar av rik edellauvskog med verdi A (svært viktig) vart registrert her og dekkjer nesten heile tilbodsområdet. Naturtypen dominerast av alm (EN) i nord og alm-hassel i sør. Innslag av gråor-heggeskog, osp, ask (EN) og hengebjørk. Svartor og gråor i strandsona. Det er registrert to raudlista planer som kvit skogfrue (NT) og lodden vaniljerot (NT). Fleire indikatorartar knytt til rik edellauvskog som myske, sanikel, lundgrønaks, breiflangre, ramslauk, jordnøtt, kusymre, taggbregne og trollbær. Elles er regionalt sjeldne artar som bergasal, begerhagtorn, dvergmispel, grov nattfiol olavsskjegg, , rognasal, storblåfjør, vårmarihand funne her.

Av sopp er det registrert svartnande kantarell (NT) hasselskrubb, rustkjuke, grå trompetsopp, rank korallsopp, orerørsopp, kokskremle (NT), marsipankremle, raudnande slørsopp, gul slørsopp, silkeraudskivesopp, loden begermorkel, bjørkevokssopp, ametystsopp, hasselriske, slimmorkel, rotgråhatt, hol trådklubbesopp, besk lærhatt, vifteryntesopp, brokut kremle, silkemusserong, hygrocyebe-artar.



Figur 1. Lilla avgrensning viser foreslått verneområde. Grøn skravur som dekker søndre del er naturtype rik edellauvskog med verdi A, ID BN00021590. Det nordlige polygon som går ut avgrensninga er også naturtype rik edellauvskog verdi A, ID BN00021588

Miljøfaglig Utredning kartla området etter NiN-metodikken i 2024. Lokaliteten nedafor vegen har følgende totalvurdering;


«Området omfatter nedre deler av ei bratt sørvestvendt fjordli, nedenfor riksvegen. Selv om området er langstrakt, har det begrenset med miljøvariasjon. For det meste er det snakk om lågurtskog, og bare på et parti rundt Ramskjerneset kommer det inn fattigere skogtyper i noen mengde. Det finnes noe lågurtskog dominert av edellauvtrær, dvs. den nær truede naturtypen frisk rik edellauvskog, men nokså små areal og i mosaikk med boreale lauvtrær. Arealet er derfor høyst usikkert, kanskje 20-30 dekar. Det er snakk om lauvskog, med stedvis ganske høyt innslag av varmekjære treslag som alm og hassel, i tillegg til en del morell og litt ask i sørøst. Dette gjenspeiles i noen grad også i feltsjiktet, med enkelte edellauvskogsarter der. Boreale lauvtrær er likevel ganske hyppige og dels dominerende. Skogen er samtidig for det meste middelaldrende til nokså ung, og selv om det finnes litt storvokste trær (særlig i sørøst), er det mangel på biologiske gamle trær og lite dødt trevirke. Siden skogen utgjør et smalt belte i ei bratt li mellom fjorden og riksvegen, så innebærer det at ganske mye av arealet er mer eller mindre sterkt preget av påvirkning fra vegen. Generelt gir dette et noe rufsete preg på miljøene, forsterket av at det dumpes litt kvist/avfall nedenfor gamlevegen enkelte steder. I praksis burde kanskje en del areal blitt skilt ut som sterkt endret mark, som følge av at skogen står på gammel vegfylling, men omfanget

av dette er ikke så veldig stort langs gamlevegen. For øvrig er det også litt innslag av fremmedarten platanlønn her, særlig i nord. I tillegg så vidt gran i nordvestre del, samt edelgran i sørøst. Flyfoto fra 1964 indikerer for øvrig at det har vært stedvis mest buskdominert mark i nordre deler, dvs. kanskje en form for boreal hei (hvis det ikke bare er spor etter vedhogst). I forhold til mangelanalysen (Framstad et. al. 2017) for skogvern så fyller området opp enkelte mangler knyttet til rik alm- og hasselskog. Det er samtidig snakk om en del skog på høy bonitet. Det meste av området har vært rimelig tilgjengelig, og i tillegg mulig å avstandsbetrakte brukbart på moderat til nært hold. Usikkerheten vurderes derfor som nokså begrenset.»

Området over vegen har fått følgende skildring;

«Området omfatter øvre deler av ei bratt sørvestvendt fjordli, ovenfor riksvegen. Det mye rasmarkskog, oftest med et ganske rikt, varmekjært preg. Ovenfor berghamrene er det gjennomgående fattigere skog og lite eller ingen varmekjære innslag. Området er ganske stort og variert, og samtidig er en god del tungt tilgjengelig eller helt utilgjengelig. Dette skaper utfordringer både med å fange opp miljøvariasjonen og alle kvalitetene, og å beskrive dem på en ryddig, oversiktlig måte. I tillegg til dette er det ofte også en småskala mosaikk i rikhet til skogsmiljøene nedenfor og oppe mellom berghamrene. Mye/det meste av skogen under berghamrene er rasmarkspreget, dvs. står på stabilisert ur. Dette medførte på den ene siden utfordringer med korrekte avgrensninger mellom skog og ur, og på den andre siden mer positivt ved at det vokser en del svært soleksponert, naturlig åpne hasselkratt i og inntil ura, noe som er et sjeldent fenomen. Unntakene fra rasmarkspreget finnes særlig ovenfor Ramskjerneset og lengst nord. Det er samtidig snakk om mye lågurtskog og bærlyng-lågurtskog (vanskelig å skille disse), selv om det også er partier med tørkeutsatt høgstaudekog (i nord). Stedvis dominerer hasselkratt, mens alm og ask opptrer mer spredt. Det finnes derfor noe av den nær truede naturtypen frisk rik edellauvskog og enda mer av den sårbare typen lågurtedellauvskog. Siden disse opptrer i mosaikk med skog dominert av boreale lauvtrær er arealet høyst usikker, her anslått til totalt 70-80 dekar, der minst 50 dekar er lågurtedellauvskog. Antagelig finnes det også noe av den sårbare naturtypen svak bærlyng-lågurtfuruskog, men som følge av vanskelig tilgjengelighet er dette enda mer usikkert (her anslått til noen ti-talls dekar). Det er innslag av enkelte grove almetrær her, dels med hulrom, samt grov og dels død osp. Ellers bærer miljøet preg av middelaldrende til eldre skog. Det ble ikke tatt aldersboring av furu, fordi tilgjengelige trær tydelig var godt under 200 år, mens potensielle eldre trær stod utilgjengelig til. I kantsonene mot riksvegen er det noe ungskog. For øvrig er det noe spredning av platanlønn, særlig i nord, samt der også et eldre plantefelt med gran. Det bør trekkes fram at området, dvs. primært partiene på begge sider av den gamle riksvegen i sørlige del, har en del morelltrær, til dels ganske store. Det virker mest sannsynlig at det er snakk om gammel spredning fra hager, men det kan ikke helt utelukkes at det er mer opprinnelige forekomster. Det er påvist spredte rødlistearter i disse skogsmiljøene. Dette inkluderer både indikatorer på rik lågurtskog som svartnende kantarell (NT), fuglereir (NT), hvit skogfrue (NT) og vaniljerot (NT), høgstaudearter som ramsløk (NT), samt enkelte arter som er knyttet til gammel alm, som klosterlav (NT) og almevedfleck (NT). Det vurderes å være et klart potensial for flere krevende og dels rødlistede arter knyttet til rike hasselkratt her, dvs. særlig av marklevende sopp. Området ser likevel ikke ut til å kunne måle seg med enkelte andre lokaliteter lenger inne i Storfjorden. I forhold til mangelanalysen (Framstad et. al. 2017) for skogvern så fyller området opp mangler knyttet til rik alm- og hasselskog, dels også gammel almeskog. Det er samtidig snakk om en del skog på høy bonitet. Som nevnt tidligere er det ganske høy grad av usikkerhet knyttet til avgrensning mellom rike og fattige skogtyper i området. Siden det har vært

spredte undersøkelser (i nedre deler) over tid, utført av flere personer, så er usikkerheten i artsmangfoldet vurdert å være noe mindre.»



Figur 2. . Tilbudsområdet kartlagt etter NiN 2 i 2024. Området i sør og opp mot fjellet er tatt ut og tjukk raud strek markerer ny grense mot fjellet. Områda tatt ut var ikkje skogkledd på flyfoto av 1965 og er truleg gjengrodd boreal hei.

Vernet vil dekke manglar i skogvernet

I forhold til mangelanalyse (Framstad et. al. 2017) for skogvern fyller området opp manglar knytt til frisk rik edellauvskog (NT) og lågurtedellauvskog (VU) i lågareliggende strøk (0 – 370 m-o-h) innanfor sørboreal- nemoral vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon der store delar er på særskilt høg og høg bonitet.


Vurdering av vern i forhold til tømmertilgang

Fylkesskogmeister vurderer skogen følgende:

Bratt, smal teig som vernes. Lite om noe drivbare treslag, for smått for taubanedrift. Ellers begrenset av stigning og drift mot fylkesveien. Svært lite som kan nyttes, om noe for skogbruket. (sjå eiga vedlegg for full analyse).

Plan- og ingrepsstatus

I gjeldande kommuneplan (23.03.2025) har området føremålet landbruk, natur- og friluftsføremål (LNF). Heile området ligg innanfor faresone H310_02 for ras og skredfare. Store delar av lokaliteten er angitt som omsynssone H560 for bevaring av naturmiljø. Gamle fylkesveg 650 er tatt ut av verneforslaget for å hindre tekniske inngrep i verneområde og lettare vedlikehald for bruk av veg.



Figur 3. Utsnitt frå kommuneplan i Fjord kommune. Raud strek markerer avgrensinga av føreslått verneområdet. Grøn bakgrunn viser at arealføremål er LNF. Skraverte polygon viser faresone for skred og ras, samt omsynssone for bevaring av naturmiljø.

Området er lite påverka av inngrep i nyare tid. Ein del rasmark gjer at skogen har ein naturleg forstyrning og dynamikk i soleksponerte miljø, som er sjeldsynt.

Saksbehandling

Oppstart

Statsforvaltaren meldte oppstart av verneplanprosessen for Bjørkneset naturreservat i ei felles lokal og sentral oppstartsmelding den 19.06.2026. Frist for gje tilbakemelding på oppstarten var sett til 03.08.2026 Vi fekk inn fem merknader til oppstarten.

Merknader

Norges vassdrag- og energidirektorat (16.07.2026) har ikke noen kommentarer til det foreslåtte verneområdet. Vi ber områdekonsesjonæren Nordvest Nett AS om å uttale om det er noen eksisterende eller planlagte nettanlegg i dette området.

Statnett (07.07.2026) har ingen merknader til oppretting av verneområde.

Fjord kommune (09.07.2026) merker at den gamle fylkesvegen gjennom området har i dag ein viktig funksjon som turveg og ferdselsåre. Kommunen ber om at denne funksjonen blir teken omsyn til ved utforming av verneforskrifta, slik at nødvendig drift, vedlikehald og trygg ferdsel kan oppretthaldast.

Møre og Romsdal fylkeskommune (15.07.2026) merker at forslag til grense for skogvern «Bjørkneset» vil bli liggande inntil fylkesveg 650, i dagsona mellom Dyrkorntunnelen og Visettunnelen. Fylkeskommunen sin rasteplass, Kokarstein, grenser også til foreslått verneområde. Møre og Romsdal fylkeskommune har det overordna ansvaret som går på drift, vedlikehald, bruk og utvikling av fylkesveg, samt fagansvar for trafikkssikkerheit, framkomme og universell utforming. Vi gir fråsegn som vegmynde for fylkesvegnettet i Møre og Romsdal, jf. veglova § 9, andre ledd. Ved foreslått avgrensing av skogvern langs fv. 650 er det registrert skredhending(ar), jf. Vegkart med søkeord skred. Fylkeskommunen v/fylkesvegavdelinga er ikkje imot å verne skog, men her har vi nokre omsyn som må koordinerast med Statsforvaltaren før saka kan bli avgjort. Vi har behov for å kunne utføre ordinært vegvedlikehald, men vi har òg behov for moglegheita for å kunne gjennomføre eventuelle skredsikringsprosjekt. Vi ønsker eit møte med Statsforvaltaren for å koordinere dei omsyna som er nemnde ovanfor. Deltakarar vil vere vegdrift og geofag. For møte, ta kontakt med kommunekontakt samferdsel, Ane Øie Jordahl

KONKLUSJON

Vi viser til merkningen ovanfor og ber om at det vert teke kontakt med samferdselsavdelinga.

Språkrådet (03.08.2026) merker at størsteparten av det området det er tale om i denne saka, ligg på garden Nedre Dyrkorn, gnr. 117 i Fjord kommune. Namnet Bjørkneset som er nemnt i oppstartsbrevet, er knytt til ein gard (gnr. 115) og eit nes som ligg i nordvestre kanten av området. Det er ikkje avklart om dette namnet skal skrivast med eller utan e-fuge i offentlig samanheng. (Jamfør med det som står om det nemnde namnet på sida Norgeskart.) Gjennom heile området går det ein veg som ber namnet Dyrkornstranda. (Ein del av vegen går i tunell.) Det

primære naturnamnet, det vil seie namnet på det aktuelle strandpartiet, er SSR-registrert med skrivemåten Dyrkornstranda som eineform. Me tilrår at verneområdet får namnet Dyrkornstranda naturreservat.

Statsforvaltaren sin vurdering av merknad til fylkeskommunen, avtalt digitalt møte før høyring for avklaring av skredsikringstiltak. Omsyn til bruk og vedlikehald av turveg langs gamle fv 650 er løyst ved å ta ut vegtraseen ev verneområdet. Språkrådet si tilråding er tatt til følgje om namnet endra.

Når det gjeld skredsikring av fylkesveg 650 vil vi imøtekomme Møre og Romsdals fylkeskommune og føreslå å ta inn to unntaksreglar slik det er gjort i Høgefloget naturreservat, eit direkte unntak ved akutt fare og ein dispensasjonsmoglegheit ved planlagde prosjekt. I tillegg ser vi behov for start og landing med drone for overvaking inne i reservatet og føreslår eit unntak frå ferdselsreglane for dette.

Endringar i verneforslaget etter oppstart

Språkrådet si oppmoding om å endre namn frå Bjørkneset naturreservat til Dyrkornstranda naturreservat takast til følgje, Det er avklart med grunneigar å bytte namn.

Vi har hatt et møte med vegmyndighet Møre og Romsdal Fylkeskommune og foreslår å ta inn samme paragrafer i forhold til skredsikring som det er gjort ved Høgefloget naturreservat;

§ 4.Generelle unntak frå vernereglane

h. naudsynte akutte tiltak mot ras og skred av omsyn til trafikktryggleik på fylkesveg 650

§ 7.Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser

f. naudsynte tiltak i samband med sikring og vedlikehald av fylkesveg 650

i tillegg treng vegmyndigheita moglegheit til å utføre overvaking med drone i forhold til sikring av skred og ras, så følgande unntak frå ferdselsreglane er tatt inn;

§ 6.Generelle unntak fra ferdselsbestemmelsene

d. vegmyndighetens bruk av drone

Lokalt forvaltingsansvar?

Ved oppretting av nye naturreservat er det rutine å høyre om kommunane ønskjer lokalt ansvar for forvaltning av naturreservata. Eit slikt ansvar vil i så fall også gjelde alle naturreservat i kommunen. Kravet er at kommunen har tilstrekkelege ressursar og kompetanse til å utføre ei slik oppgåve. Vi ønskjer attendemelding frå Sunndal kommune om dette i høyringa.

Vidare framdrift

Det er ønskeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og tema kan verta så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og bilete frå områda finn du på nettstaden vår [Statsforvaltaren i Møre og Romsdal](#) under sida «Høyringar».

Du kan også sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved seksjon for naturforvaltning, Julsundvegen 9, Postboks 2520, 6404 Molde, eller per e-post til sfmrpost@statsforvalteren.no.

Frist for å kome med innspel er 20. november 2026.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | sfmrpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/mr

